

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Fastelavnssøndag - 02. mars 2014

Preiketekst: Joh 17,20-26

Lesetekst I: Høys 8,6-7

Lesetekst II: 1 Kor 13,1-7

Jesus bed for oss

Innleiing

Vi er komne til fastelavnssøndag og går frå komande onsdag - askeonsdag - inn i fastetida. Teksten for denne dagen er henta frå det ein har kalla Jesu øvsteprestlege bøn. Her bed Jesus til sin Far, først for seg sjølv og deretter for venene sine. Dei skal snart oppleve å sjå Jesus lide ein voldsom død. Så skal han bli reist opp og vere saman med dei ei tid, før han forlet dei og dreg tilbake til himmelen. Han, som er mellommannen, den nye øvstepresten som har opna ein ny og levande veg til Gud, bed sin Far ta seg av venene når han sjølv ikkje lenger er synleg til stades iblant dei. Bøna andar av djup kjærleik og omsorg.

Einskap på fleire plan

I teksten vår vender Jesus blikket framover og bed for alle truande i all framtid. Læresveinane skal bere vitnesmålet om Jesus ut, og mange skal kome til tru, både i deira tid og i alle seinare generasjonar. Einskapen mellom dei truande skal vere eit vitnemål om Jesus og overtyde verda om at han er den som kom frå Gud.

Jesus taler i bønna om einskapen mellom seg sjølv og sin Far. Dei er eitt av vesen. Når Jesus seier at dei truande skal få del i denne einskapen, er dette ein einskap av nåde. Jesu soning er grunnlaget for denne einskapen, som trer i kraft når eit menneske tek imot Jesus i hjartet. Det er ein indre, åndeleg einskap gjennom livssamfunn med Gud og Jesus. Gjennom den blir einskapen med dei andre truande til. Den let seg ikkje skape ved samhald eller organisering.

«...for jøde først...»

Det var jødane som først fekk del i denne einskapen med Gud – det vil seie dei jødane som kom til tru på Jesus som sin Messias. Dei hadde som folk ei lang historie med Gud før Jesus Messias kom til jorda. Så var det óg jødane som bar bodskapen om Han ut til dei andre folkeslaga - «heidningane». Dette er ei kjensgjerning vi som heidningekristne skal hugse på

og vere audmjuke for i det personlege kristenlivet vårt, i forsamlinga, i forkynninga og i møte med jødane. Paulus slår i Rom 1,16 fast at evangeliet er «for jøde først». Vi kan berre takke for at det ikkje stopper der!

Einskap mellom jødar og heidningar

For Paulus var det sjølv sagt at Guds kyrkjelyd skulle vere samansett av alle jesustruande, både jødar og heidningar. I Rom 9-11 gjev han ei grundig utgreiing om Guds veg med Israel. I kapittel 11 skriv han om tilhøvet mellom jødar og heidningar i spørsmålet om frelse. Men sjølv om Guds universelle kyrkjelyd er eitt av natur, har det diverre ikkje vore så synleg i praksis.

I dag ser ein at fleire og fleire frå det jødiske folket tek imot Jesus – hebraisk: Yeshua (=frelse), både i Israel og elles i verda. Den Messias dei venta på, har dei funne i Jesus. Likevel strevar mange personar og kyrkjelydar med å finne identiteten sin som truande.

Óg mellom dei heidningekristne veit vi at det ikkje har vore lett å leve ut den einskapen vi er sette inn i.

Einskap mellom truande i Midtausten i dag

I Israel og elles i Midtausten er utfordringene sær store av di ein her står midt oppi ein brennbar politisk situasjon. Likevel finn vi jesustruande frå begge sider som søker saman i fellesskap.

Eit spennande arbeid som Israelsmisjonen driv saman med Frikirken og organisasjonar i Midtausten, blir kalla Bridgebuilders. Brubygginga skjer mellom unge jødar/israelarar og arabarar/palestinatarar som alle er jesustruande. Dei kjem saman med unge kristne nordmenn til leir i Noreg og seinare oppfølging i Midtausten. Her lærer dei å lytte til kvarandre og gjere aktivitetar saman. Dei får del i historia til den einskilde. Det er ikkje ei lettvin sak, men mange kan i etterkant vitne om større forståing, oppleving av einskapen i Jesus og endåtil venskap med personar dei til då har tenkt på som fiendar.

Åndeleg og organisatorisk einskap

I dag taler ein mykje om einskap i den norske folkekyrkja. Ein ønskjer å halde kyrkja saman. Men dersom den åndelege einskapen er broten gjennom ulike bibelsyn, kan ikkje ein organisatorisk einskap redde eit kyrkjesamfunn. Det gjeld jo óg dei ulike kyrkjesamfunna imellom. Kyrkjer i sør bryt i dag sambandet med kyrkjer i Europa som dei opplever å miste åndeleg samfunn med. At dei vel den vegen sjølv om dei då mister verdfull økonomisk støtte, viser at dei tek truskapen mot Bibelen svært alvorleg.

Jesus bed for oss!

Det er ein fantastisk og trøystande tanke at Jesus verkeleg bed for oss som høyrer han til! Vi treng kjærleiken hans og forbøna for å bli verande i einskapen han har sett oss inn i. Vi har ein motstandar som gjer det han kan for å øydeleggje det Jesus byggjer opp. Vi gjer vel i å

hugse at han er på ferde når vi opplever at samhald og einskap blir vanskeleg, eller vi sjølve kjenner oss svake i trua!

Så kan vi óg hente glede og inspirasjon i dei vakre avsnitta om kjærleiken som vi finn i lesetekstene for denne dagen!

Ellen Raen

Utdanna lærar. Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Sørlandet krets
sorlandet@israelsmisjonen.no